



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	11.05.2020	65/20
Kommunestyret	25.05.2020	60/20

Saksansvarleg: Kristin Karlbom
Dahle

Arkiv: FE-149, HISTB-19/1335, Arkivsaknr.: 20/1721
HISTS-18/2746

Planstrategi for Midt-Telemark kommune 2020-23

Kommunedirektørens innstilling:

Vedlagt justert planstrategi for Midt-Telemark kommune 2020-23 vert vedtatt jf plan- og bygningslova §10-1. Framdrift for pågåande planarbeid forskyvast i tråd med denne.

25.05.2020 Kommunestyret

Behandling:

Kommunalsjef Terje Kili orienterte til saken.
Formannskapet innstilling ble enstemmig vedtatt.

KS- 60/20Vedtak:

Vedlagt justert planstrategi for Midt-Telemark kommune 2020-23 vert vedtatt jf plan- og bygningslova §10-1. Framdrift for pågåande planarbeid forskyvast i tråd med denne.

11.05.2020 Formannskapet

Behandling:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FS- 65/20Vedtak:

Vedlagt justert planstrategi for Midt-Telemark kommune 2020-23 vert vedtatt jf plan- og bygningslova §10-1. Framdrift for pågåande planarbeid forskyvast i tråd med denne.

Bakgrunn for saka:

Formannskapet behandla forslag til kommunal planstrategi 2020-23 i møte 2.3., og forslaget ble etter det sendt nabokommunar og overordna styresmakter for å få innspel på forslaget jf plan- og bygningslova §3. Justert forslag til planstrategi i tråd med saksomtala følgjer vedlagt og leggst no fram til endeleg godkjenning i formannskap og kommunestyre.

Saksomtale:

Etter formannskapet behandla forslaget til planstrategi, har koronautbrotet endra situasjonen både i kommuneorganisasjonen og i samfunnet. Det er behov for å justere planstrategien på bakgrunn av dette, både innleiing, utfordringar og framdrift for pågåande og framtidig planarbeid, i tillegg til at det er behov for å gjere justeringar m.a. på bakgrunn av tilbakemeldingar frå Fylkesmann og fylkeskommune. Endringar i planstrategien er markert med gult i vedlegget.

Det har kome tre tilbakemeldingar på forslaget:

1. **Fylkesmannen i Vestfold og Telemark** peiker på at planstrategien bør skildre korleis kommunen skal førebu seg på ei demografisk utvikling med fleire eldre og relativt færre yrkesaktive og viser til eldrereformen «Leve hele livet». Oppvekstvilkår for barn og unge skal vurderast, og vurderinga skal kome fram i planstrategien. Programmet «Sjumilssteget» er utvikla for at kommunane skal sikre at barnekonvensjonen ligg til grunn i all saksbehandling som gjeld barn og unge. Kommunen bør involvere barn og unge i dei drøftingane i grunnlagsdokumentet som gjeld dei i forkant av behandlinga av planstrategien. Fylkesmannen viser til at plan for helsemessig og sosial beredskap bør kome fram av planoversikta.

Kommentar

Demografisk utvikling med fleire eldre er trekt fram som ei hovudutfordring for kommunen i planstrategien. Mål og strategiar for korleis denne utfordringa skal møtast, er vist i samfunnsdelen og vil vere tema for pågåande kommune(del-)planarbeid og anna planarbeid. Når det gjeld oppvekstvilkår for barn og unge, så er aukande forskjeller i levekår trekt fram som ei anna hovudutfordring for kommunen og som ligg til grunn for pågåande og nytt planarbeid. På bakgrunn av innspel frå Fylkesmannen, har ungdomsrådet fått lagt fram grunnlagsdokumentet for planstrategien for å drøfte tema der som berører oppvekstvilkår for barn og unge. Referat frå møtet følger som vedlegg. Det bør synleggjerast i planstrategien at det er behov for å revidere plan for helsemessig og sosial beredskap i etterkant av koronaepidemien.

2. **Vestfold og Telemark fylkeskommune** uttaler at planstrategien er oversiktleg og tydeleg syner samspelet mellom plan og samfunnsutvikling, men saknar synleggjering av samordning mot regionale planar sjølv om det er usikkert kva planar som skal gjelde i nytt fylke. Regional planstrategi kjem truleg på høyring før sommaren. Midt-Telemark kommune gjer mykje som samsvarer med FN sine berekraftsmål, og kan framheve dette. Positivt at samfunnsdelen med arealstrategi er utarbeidd fyrst og legg grunnlag for arealdelen og at handlingsplanar og økonomiplan blir sett i samanheng.

Fylkeskommunen peiker på behovet for å vurdere struktur på grøntareal og leikeplassar for å imøtekomme behovet som utfordringsnotatet viser for gratis møteplassar for barn og unge. Nye byggeområde og fortettingsprosjekt bør plasserast slik at grøntstrukturen er livsnerva ein bygger inntil og ikkje på, slik det er gjort med Evjudalen, Farstadparken og Kjærlighetsstien. Fylkeskommunen kommenterer at universell utforming, inkludering, folkehelse og kultur heng saman med korleis fortetting skjer, og uttaler at Midt-Telemark kommune er særskild god til å gripe fatt i viktige oppgåver som kan gje tverrsektoriell samhandling for eit attraktivt samfunn. Viktig at kommunen set seg klare mål for jordvern (dyrka og dyrkbar mark) både i samfunnsdel og arealdel og positivt at landbruk er med i

næringsplanen. Fylket ønsker samhandling om verdisaping gjennom grøn omstilling framover. Fylkeskommunen kommenterer strandsoneutgreiinga som er utarbeidd i samarbeid med Telemarkskanalen regionalpark og ber kommunen vurdere om oppfølginga skal handsamast som prosjekt eller forankrast i planar. Kommunen har fått mye merksemd for Bygdepakke Midt-Telemark. Denne og anna stadutviklingsarbeid, m.a. på Gvarv, kan med fordel forankrast i planar (areal, klima, næring, kultur, folkehelse) slik at ein sikrar vidareføring etter at hovudprosjektet er gjennomført. Fylkeskommunen kommenterer at kommunen bør setje mål om kvalitet på vassforekomstar, at kommunen kan spele inn behov for regional plan for geologiske ressursar til regional planstrategi og er nøgd med oppfølging av tema samferdsle, idrett og friluftsliv og folkehelse, men saknar omtale av nokre folkehelse tema i utfordringsdokumentet, m.a. omtale av lokale trendar. Fylkeskommunen oppmodar om at klimarapportering innlemmast i årshjulet for plan og økonomi og informerer om arbeid med klimarapportering som er igangsett på regionalt nivå. Kulturminneplanen burde vore revidert i denne perioden med ei prioritering av bygningsmiljø, einskilde bygg og kulturlandskap som det er særleg viktig å ta vare på for komande generasjonar.

Kommentar

Det bør takast inn eit avsnitt i planstrategien for å synleggjere nasjonale og regionale føringar slik fylkeskommunen etterlyser. Strandsoneutgreiinga vil nyttast som underlag for kommuneplanens arealdel og næringsplan. Det er viktig at kunnskap og tiltak utvikla gjennom store utviklingsprosjekt som Bygdepakke Midt-Telemark og Ung Arena forankrast i planar for å sikre overgang til driftsorganisasjonen etter prosjektavslutting. Årshjulet i planstrategien bør ta inn klimarapportering i mars, slik fylkeskommunen oppmodar til, og det bør leggst opp til ei revidering av kulturminneplanen i slutten av perioden.

3. **Nome kommune** meiner at planstrategien er eit godt verktøy for den nye kommunen og vil gjerne invitere til vidareføring av det gode samarbeidet mellom kommunane i Midt-Telemark regionen.

Årshjul for plan- og økonomi

I planstrategien er samanhengen mellom overordna planlegging og økonomi illustrert i eit årshjul. Her er det lagt opp til at økonomiplanen skal vedtakast før somaren, og at rapportering, resultatmåling og handlingsplanar utarbeidast gjennom våren som grunnlag for økonomiplanen. Jf. kommunestyresak 40/20 om økonomiplanprosessen, skal administrasjonen utarbeide eit grunnlagsnotat for økonomiplanarbeidet i september, men økonomiplanen skal ikkje til behandling før i desember. I justert planstrategi er årshjulet oppdatert i tråd med dette.

Pågåande planarbeid

Kommunedelplanar for helse, oppvekst og teknisk og ny arealdel av kommuneplanen er under utarbeiding, og framdrift for desse prosessane er vedtatt i planprogramma for kvar [kommunedelplan](#) og for [kommuneplanens arealdel](#). Koronautbrotet har ført til redusert kapasitet i organisasjonen, i tillegg til at medverknadsprosessar er vanskelegare å gjennomføre når ein ikkje kan samlast i fysiske møte. Justerte framdriftsplanar er lagt inn i vedlagt justert planstrategi.

Endringane i samfunnet pga korona gjer også at ein må planlegge for ein annan situasjon enn den Midt-Telemark både som kommuneorganisasjon og samfunn var i da planprogramma vart vedtatt. For kommuneplanens arealdel kan behovet for areal til ulike

formål vise seg å endrast på grunn av dei dramatiske konsekvensane koronautbrotet kan få for næringsliv og privatøkonomi. Formannskapet skulle hatt eit ekstramøte for arealdelen i mars som vart avlyst. Det vil bli behov for ekstramøte i formannskapet til hausten.

Kommunedelplan for Lifjell

Jf. planprogrammet for ny arealdel av kommuneplanen, skal kommunedelplan for Lifjell inngå i denne. Kommunedirektøren tilrår no å ikkje innlemme kommunedelplanen no likevel, men rullere kommunedelplan for Lifjell etter at ein reisemålsprosess er gjennomført, jf. sak om kommuneplanens arealdel. I justert planstrategi er det difor lagt opp til rulling av kommunedelplan for Lifjell i siste del av perioden.

Vedlegg:

27.03.2020	Planstrategi for Midt-Telemark 2020-23	1341442
04.05.2020	Uttalelse fra Fylkesmannen	1341443
30.03.2020	Uttale - Forslag til planstrategi 2020-23 - Midt-Telemark kommune	1342017
03.04.2020	Forslag til planstrategi 2020-23 for Midt-Telemark kommune - innhenting av synspunkt	1342669
04.05.2020	Referat, Møte i Ungdomsrådet 21.04.2020 (45100)	1348340